


Notat veg - førehåndskonferanse gbnr 323/32:



Problem med overvatn (ov) i Fagerbakken. Dette var tenkt ordna den dag vegen som er regulert over tomt 323/32 skulle etablerast, ved å etablere ov-system i den regulerte vegen og koble seg på system som ligg klart i feltet nedanfor.

Det må difor lagast ein avtale med Alver kommune eigedomsforvaltning og driftsavdeling korleis dette skal løysast over tomta dersom det skal etablerast einebustad der.

Fagerbakken er ikkje eigna for stor auke i trafikk. Vegen som er regulert over tomta vil kunne auke trafikk ved at det vert høve til gjennomkøyring frå Mjåtveitvegen gjennom Grønlandsfeltet.

Tilrettelegging for gangpassasje/sti i området der vegen er planlagt, vil kunne lette tilkomst til kaien og båt mot Bergen for mjuke trafikkantar. Ei slik løysing kan for eksempel leggjast som forslag ved ved ein evt. dispensasjonssøknad/reguleringsendring.

Avkøyrsløse for etablering av ein einebustad og trafikk til og frå denne bustaden vil ikkje vere eit problem, men det må sendast inn søknad om etablering av ny avkøyrsløse til avdeling for samferdsel, veg, vatn og avlaufsforvaltning. Ved denne søknaden må det ligge ved målsatte skisser og tverrprofil av avkøyrsløse. Siktsoner må vere teikna inn og det må kunne visast til høve for å snu på eiga tomt.

Vegavdelinga vil gjere merksam på at det ikkje er mogleg å snu i enden av Fagerbakken. Det er krav om at det skal vere høve til å kunne snu i enden av ein offentleg veg. Snuhammar er regulert inn der avkøyrsløse til for B1, leiligheter, er etablert. Det er i denne avkøyrsløse driftspersonell snur i dag sida vegen over 323/32 ikkje er etablert. Dersom det skal søkjast dispensasjon, kan det jo leggjast til rette for snuhammar på tomta for å sikre dette.

Brøyting kan komme til å verte eit problem ved større snømengder. Det er ikkje etablert snøopplag i Fagerbakken og huseigar må difor regne med at det i periodar med store snømengder kan bli liggande att større mengder snø inn mot tomta. Etablering av snuhammar med plass for snøopplag i enden kan redusere dette.

Etablering av mur, gjerde eller andre innretningar langs tomtegrensa mot Fagerbakken må ikkje byggjast utan at det er sett av areal til grøft langs den kommunale vegen. I siktsona frå avkøyrsløse må høgda på slike innretningar ikkje overstige 50cm.